



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6996 - 23/73428

Saksbehandlar:
Lene Helgesen
lene.helgesen@alver.kommune.no

Dato:
20.09.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 445/150 Manger nedre

Tiltak: Endring/riving av bygg
Byggjestad: Gbnr: 445/150
Tiltakshavar: Geir Magne Smith
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.09.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket gjeld riving av bygning registrert som industri/næring, og tiltakshavar søkjar om ansvarsrett som sjølvbygger. I byggesaksforskrifta § 6-8 jf. Plan- og bygningslova § 23-8 er det fastsett at kommunen kan godkjenna ansvarsrett som sjølvbygger «av egen bolig eller fritidsbolig». Av pbl. § 23-8 følgjer det og at departementet kan gje forskrift om at tiltakshavar kan bygga eigen bustad. Kommunen kan derfor ikkje gje løyve til at tiltakshavar kan ha ansvarsrett som sjølvbygger for riving av industri/næringsbygg.

Kommunen ber derfor om at søknaden supplerast med ansvarleg søkar for heile tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 18.10.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Lene Helgesen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Geir Magne Smith

Hagellia 6
Langhøyane 83

5914 ISDALSTØ
5936 MANGER